

Høyringsssvar



Norsk Studentunion
-stifta 1936 -

Storgata 19, 0184 Oslo
Tlf: 22044950
Fax: 22244247
E-mail: nsu@nsu.no
Web: www.nsu.no

Høyringsssvar til ”Høring – Forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettigheter 2010”

**Høyringsssvar frå
Norsk Studentunion**



Norsk Studentunion
-stifta 1936 -

Høyrings svar

Storgata 19, 0184 Oslo
Tlf: 22044950
Fax: 22244247
E-mail: nsu@nsu.no
Web: www.nsu.no

Norsk Studentunion (NSU) takkar for høvet til å uttale seg. NSU sitt Landstyremøte har 29.11.09 vedteke følgjande høyrings svar:

Til kapittel 23 Ettergivelse av utdanningsgjeld i 2010 for låntakere som har fullført visse lærerutdanningar

NSU er positive til at samisk no vert rekna innunder ordninga med sletting av utdanningsgjeld for fullført lærerutdanning innan språkfag. NSU vil for øvrig kommentere at me er skeptiske til ordninga i seg sjølv, då me meiner sletting av utdanningsgjeld for særskilde studieretningar er eit dårleg verkemiddel for å nå utdanningspolitiske mål. Verkemiddel for å betre utdanningskvaliteta for lærerutdanninga er viktig, men ingen utdanningsgrupper bør få særhandsaming når det gjeld å få sletta utdanningsgjeld. NSU erkjenner imidlertid at når det er gjort eit politisk vedtak, må dette forskriftsfestast.

Til §2-1 Beregning av renter

NSU er negative til rentemarginen på eit prosentpoeng som er omtala i denne paragrafen. Rentemarginen vert lagt på marknadsrenta og er meint å skulle dekkje administrative kostnader, samt tapar for Lånekassa i samband med misleghald av lån. NSU meiner det er urimelig at alle tilbakebetalarar må ta byrden for at nokre låntakarar ikkje overheld sine forpliktingar ovanfor Lånekassa. NSU meiner difor at kostnadane for administrasjon og misleghald skal berast av Staten, og at rentepåslaget dimed må fjernast.

NSU har ingen andre merknader.